

NotatDato: 08.10.2018
Arkivsak: 2018/11854-3
Saksbehandlar: annport

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Oppfølging RS 106/18 "Korleis har ungdom det?" – oversendingsforslag frå Tom Sverre Tomren (Krf)

I samband med RS 106/18 sette Tom Sverre Tomren (Krf) på vegne av Krf fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«FUV bed om ein oppfølgingssak til RS 106/18 «Korleis har ungdom i Hordaland det?». Saken bør innrettes med vekt på korleis HFK kan følgje opp arbeidet med barn og unge som slit når det gjeld trivsel, psykisk helse, deltaking og rusbruk».

Rapporten «*Korleis har ungdommane i Hordaland det?*» tek utgangspunkt i funna frå Ungdata 2017. Ungdata er ei spørjeundersøking som er retta mot ungdom i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Gjennomføring og tilrettelegging lokalt i Hordaland blir gjort i samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga, kommunane og KoRus Vest Bergen. Undersøkinga viser at ungdommane slit i aukande grad psykisk. Samanlikna med tidlegare år er det færre elevar som brukar mykje tid på lekser, færre som har ambisjonar om høgare utdanning og fleire som fryktar at dei kan bli arbeidsledige. Ei utfordring er at mange er einsame, jenter i større grad enn gutar. Dårleg familieøkonomi påverkar grad av einsemd, men óg om dei et frukost, rusmiddelbruk og kjensle av tryggleik i nabolaget. Rapporten tek også føre seg kven det er som trivast i skulen. Dei som er med på organisert fritidsaktivitet, trener og opplever at nærmiljøet har eit godt tilbod for unge, trivast betre.

Som svar på spørsmålet om korleis HFK kan følgje opp arbeidet med barn og unge som slit når det gjeld trivsel, psykisk helse, deltaking og rusbruk, vil fylkesrådmannen vise til eksisterande tiltak og pågåande prosessar både med utgangspunkt i det tverrfaglege samarbeidet basert på handlingsprogrammet for Regional plan for folkehelse og dei meir sektorspesifikke tiltaka i Opplæringsavdelinga og i Tannhelseavdelinga.

Regional plan for folkehelse

Hordaland fylkeskommune jobbar systematisk med tiltak for å betre barn og ungdoms psykiske helse. Dette er eit satsingsområde i Regional plan for folkehelse. Handlingsprogrammet til planen er utarbeida av Folkehelseringen som er ei tverrfagleg gruppe som består av ein representant frå kvar avdeling i Hordaland fylkeskommune. Målet med Folkehelseringen er samarbeid på tvers av avdelingane. I handlingsprogrammet til regional plan for folkehelse, har vi fleire befolkningsretta tiltak som handlar om å betre medverknad, psykisk helse og trivsel blant barn og unge. Gjennom desse tiltaka skal vi legge til rette for at barn og unge skal kunne ta gode val for å etabler gode meningsfylte liv.

Tiltak som rettar seg mot ungdom, psykisk helse og trivsel er :

Tiltak 1.11: Hordaland som programfylke- samordne programarbeidet regionalt i *Program for folkehelsearbeid i kommunane*.

Hordaland fylkeskommune er tatt opp i Program for folkehelse som er ei nasjonal satsing på å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet i kommunane. Programmet skal bidra til å få betre kunnskap om psykisk helse og rus i kommunane. Auka kunnskap skal kunne speglast i kommunane sitt folkehelsearbeid, både i oversiktsdokument og vidare i planar og tiltak. Kommunane skal utvikle lokale tiltak, arbeidsmåtar og verkty for å fremje barn og unge sin livskvalitet og psykiske helse, samt rusførebyggjande arbeid. Programmet er retta mot alle barn og unge opp til 24 år og skal bidra til eit kvalitetsløft innanfor psykisk helse og livskvalitet.

Av andre tiltak i Handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse har vi:

- Tiltak 1.9: Utvikle helsefremjande barnehagar og skular
- Tiltak 2.7: Utvikle eit breitt og variert friluftstilbod til barn og ungdom gjennom mellom anna meir bruk av medverknad.
- Tiltak 3.1: Auke delen elevar i vidaregåande skule som får karakter i kroppsøvningsfaget.
- Tiltak 3.3: Etablere prosjektet Nettvett og digital dømmekraft til vg1- elevar og lærarar.
- Tiltak 3.4: Vidareføre prosjekt med gratis skulefrukost.
- Tiltak 3.5: Innsats for å betre psykososialt miljø for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom kompetanseheving for lærarar.
- Tiltak 3.6: Styrke kompetansen om folkehelse og livsmestring i vidaregåande skular.
- Tiltak 3.7: Vidareutvikle og implementere undervisningsprogrammet HEART (helse, ernæring, aktivitet, rusførebygging og tannhelse) i ungdomsskulen.
- Tiltak 3.8: Auke talet på skular i Hordaland som deltek i Ungdataundersøkinga.
- Tiltak 3.9: Vidareføre Complete-forskningsprosjekt (Drømmeskolen og nærværsteam).
- Tiltak 3.10: Kompetanseheving knytt til positiv seksuell helse for elevar i vidaregåande skule.
- Tiltak 5.1: Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskilt tilrettelegging.
- Tiltak 5.6: Bidra til å vidareutvikle eit breitt og variert kultur- og idrettstilbod til barn og ungdom, mellom anna gjennom meir bruk av medverknad.
- Tiltak 5.7: Arbeide vidare med kulturkort løysing for å jamne ut økonomiske skilnader for deltaking.

Opplæring

Psykiske vanskar

Fylkesutvalet handsama 19.09.18 saka Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar, basert på ein rapport utarbeidd av ei tverrfagleg gruppe i Opplæringsavdelinga (PS 239/2018). Her blir det gjort greie både for eksisterande tiltak og ordningar og behov for framtidige tilbod.

Eksisterande tiltak i ordinær opplæring

- Tydeleggjering av ansvar for skuleleiarar og lærarar i det psykososiale skulemiljøet
- Mobbeombod og elev- og lærlingeombod
- Psykologteam på alle dei vidaregåande skulane
- OT/PPT deltek som ein fagleg ressurs i skulane sine ressursteam
- Tilgang til skulehelseteneste på alle skulane
- Tett samarbeid mellom skular, OT og NAV
- Miljøteam som del av elevtenesta – auka vaksenkontakt

Produksjonsskulen er eit tilbakeførande tiltak for ungdom som har falle ut av både yrkesfagleg- og studieførebuande programområde. Hyssingen produksjonsskule skal evaluerast hausten 2018. Hardanger produksjonsskule blei oppretta hausten 2018 som ei avdeling under Hyssingen produksjonsskule.

I Hordaland fylkeskommune er det per i dag tre skular med egne avdelingar med ekstra tilrettelegging og intensiv innsats, for elevar med psykiske vanskar.

1. Nordahl Grieg vgs., avdeling Sykehuskolen
2. Kvinnherad vgs., avdeling Valekrossen
3. Bergen katedralskole, avdeling Kyrre

Basert på tilrådingane frå arbeidsgruppa vedtok fylkesutvalet tre hovudkategoriar av framtidige tiltak;

1) Tiltak som førebygging og universell tilnærming

- kompetanseheving for lærarar om psykisk helse
- Hovudinnsatsen i det førebyggjande arbeidet skal skje i det daglege virket ute på kvar skule med livsmeistring som inngår i skulen sitt samfunnsoppdrag

2) Tiltak som tidleg innsats, ekstra opplæring, oppfølging og støtte

- styrke elevtenesta på alle skulane
- Betre rammer for fleksibel og differensiert organisering av undervisninga

3) Tiltak for ekstra tilrettelegging.

- Inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak også for denne målgruppa skjer sentralt.
- Utarbeiding av retningslinjer for å sikre at rettane til elevar med behov for ekstra tilrettelegging vert ivareteke
- Framtidige tilbod om ekstra tilrettelegging bør utviklast vidare slik at elevane i målgruppa får tilbod innanfor alle programfag, får tilbod nærmare eigen bustad og at tilboda er knytt sterkare til dei vidaregåande skulane.

Rusførebygging

Skuleåret 2017-2018 blei arbeidet med å revidere det rusførebyggande arbeidet i skulane fullført. Skulane fekk nye retningslinjer for dette, og ein rettleiar som er både for elevar, foreldre og alle tilsette på skulen. Rettleiaren har eit godt tilfang av ressursar som kan nyttast, og kvalitetssikrast ved årleg revisjon i samband med regionalt planarbeid.

Hovudmålet for det rusførebyggande arbeidet er både

- å skape eit trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak der alle elevane blir sett og tatt vare på
- å hjelpe og støtte elevar med bekymringsfull rusbruk til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon slik at dei kan fullføre utdanninga si.

Bekymringsfull rusbruk er eit helseproblem meir enn eit åtferdsproblem. Rettleiaren er tufta på desse haldningane, og inneheld mykje informasjon om samarbeid med elevane, foreldra og ulike samarbeidspartar i kommunen, mellom anna:

- Skulehelseteneste
- SLT (samordna lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak)
- KoRus Vest
- Antidoping Norge

Arbeidet er delt inn i tre innsatsområde: 1.førebygging, 2.tidleg innsats og 3.rutinar som skal følgjast ved mistanke og uro om rus.

Alle skular har ein eller fleire Kjentmenn som er den som både elevar og tilsette kan snakke med om dei har spørsmål om rus. Kjentmannen har fått opplæring av Korus Vest og er med i eit nettverk organisert av skuleeigar, og KoRus Vest tilbyr jamnleg kompetanseheving etter kartlegging av behov.

Samarbeid med foreldra er eit område som kan utviklast meir når det gjeld førebygging av bekymringsfull rusbruk. Eit verkty til bruk på foreldremøte på vidaregåande, utvikla av organisasjonen Av-og-til, vil bli lagt til lista over ressursar og tilbydd skulane i skuleåret 2018-19.

Frivillig arbeid i Europa

Sidan 2015 har Hordaland fylkeskommune gitt ungdomar med ungdomsrett (prioritert målgruppe: 18-21 år) og som har droppa ut av vidaregåande skule, høve til å jobbe som frivillig i Europa. Føremålet er at ungdomane skal følgje sine interesser, oppleve auka meistring og få nye perspektiv på tilveret. Dette er eit lågterskeltilbod som er utvikla gjennom eit samarbeid med Internasjonal gruppe i Regionalavdelinga og OT, og er finansiert av EU sitt opplæringsprogram Erasmus+.

Tannhelse

Tannhelsetenesta har samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland knytt til tenester til barn og unge (0-20 år). Frå 2019 har Helsedirektoratet vedteke ei utvida rapportering på tannhelseutvikling for alle 3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar i Hordaland. Tannhelsetenesta får då moglegheit til å avdekke tannhelse- og/eller generelle helseutfordringar tidleg. Dette gjeld også utfordringar knytt til omsorgssvikt/overgrep. Omsorgssvikt/overgrep av barn og unge er eit alvorleg samfunnsproblem, som ofte medfører alvorlege og vedvarande konsekvensar for dei som vert utsett for dette. I dette arbeidet har tannhelsetenesta samarbeid med Statens Barnehus Bergen, der den medisinske undersøkinga av barn og ungdom også inneheld ei oralfagleg undersøking.